

Møteprotokoll

Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Kommunestyresalen
Dato:	11.09.2025
Tid:	Kl. 11:00 - 13:40

Møteleiar:	Kjell Eide
Andre møtande:	Gjermund Flage

Medlemer:	Parti
Ann Sissel Austgulen	AP
Anne Merete Takle	AP
Christian Hatlem Skår	AP
Hildur Akse	AP
Jan Arvid Støyva	AP
Kjell Eide	AP
Per Egil Akse P-PEA	AP
Thea Pedersen Johannesen	AP
Eva Mette Høie	H
Geir Helge Nordstrand	H
Dag Ove Austgulen Myklebust	SP
Inger Hauken	SP
John Gerick Bårøy	SP
Karin Tonning Hatløy	SP
Morten Askvik	SP

Forfall meldt frå følgjande medlem	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti
Gro Sissel Dale	AP	Christine Gjøen Bøe	AP
Øyvind Høie	H	Svein Åge Eikelid	H

Merknader:

Inger Hauken møtte frå kl. 11.30.

Geir Helge Nordstrand gjekk frå møtet 13.10 - 13.15, og deltok ikkje under røysting i sak 25/053.

Andre møtande:

Kommunalsjefane Hildegunn Hatlem, Linda Dalsøren Meier og Elin Garnes Solås.
Prosjektleiar Rolf Hatlem i sak 25/054.

Møtereferent: Elin Garnes Solås

Underskrifter:

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
25/044	Godkjenning av innkalling
25/045	Godkjenning av sakliste
25/046	Godkjenning av protokoll frå førre møte
25/047	Referat- og orienteringssaker
25/048	Spørjetimen
25/049	Fritak frå politiske verv - Christian Hatlem Skår
25/050	Val av ny varaordfører
25/051	Vurdering av habilitet i samband med arealplanarbeidet og spørsmål knytt til bergverksindustri
25/052	Organisasjons- og leiarutvikling omsorg
25/053	Revisjon av delegasjonsreglementet
25/054	Budsjettkontroll 2. kvartal 2025
25/055	Ekstra busetting av flyktningar i 2025

25/044: Godkjenning av innkalling

Innkallinga vert godkjent slik den ligg føre.

Kommunestyret 11.09.2025

Handsaming:

KOMM- 25/044 VEDTAK:

Innkallinga vert godkjent slik den ligg føre.

25/045: Godkjenning av sakliste

Saklista vert godkjent slik den ligg føre.

Kommunestyret 11.09.2025

Handsaming:

KOMM- 25/045 VEDTAK:

Saklista vert godkjent slik den ligg føre.

25/046: Godkjenning av protokoll frå førre møte

Protokollen frå førre møte vert godkjent slik den ligg føre.

Kommunestyret 11.09.2025

Handsaming:

KOMM- 25/046 VEDTAK:

Protokollen frå førre møte vart godkjent slik den ligg føre.

25/047: Referat- og orienteringssaker

Referat- og orienteringssakene vert tekne til vitande.

Kommunestyret 11.09.2025

Handsaming:

Orienteringar frå ordføraren:

- Stortingsvalet er gjennomført, gjekk fint. God oppmøteprosent i Hyllestad, 82,3 %.
- Ombygging/renovering av biblioteket, spennande prosjekt. Om nokon vil ha gratis bygdebøker, ta kontakt med administrasjonen.
- Takteking på kommunehuset pågår.

- Det har vore gjennomført møte med Sparebankstiftinga, og ein har peika på ulike aktuelle prosjekt i kommunen som treng meir finansiering, m.a. Hamneparken på Sørbøvåg, nytt prosjekt om Den Trondhjemske Postveg og veg langs stranda i Leirvik.
- Møte med Tersan Havyard v/direktør og produksjonssjef, godt og positivt møte, vi fekk snakke om arbeidskraft (m.a. å få flyktningar i arbeid), bustadproblematikk og reguleringsplan.
- 17.09.2025 vert det busstur på fv 607 Lavik - Salbu - Hellevika, det er òg meldt inn at strekninga Sørbøvåg - Skifjorden - Lutelandet er ein viktig vegstrekning.
- Det vert starta opp eit bustadprosjekt no, vi har fått midlar frå Husbanken.
- Mykje positive prosjekt som har vore; Hamneparken, Opning av sti til Lifjellet, Gutta på tur, Geo-dag, Oppattbruk.
- Arv etter Norvald Tveit - ønske om oppstart av eit 2-årig prosjekt der ein kan søkje Fylkeskommunen om midlar. Tveit ville blitt 100 år i 2027 og bør då markerast spesielt. I denne omgang er det plan å søkje om midlar til eit forprosjekt.

Orienteringar frå kommunedirektøren:

- Positivt med bustadprosjekt, ny økonomisjef som startar 1.10. vil vere prosjektleiar. Vi fekk eit fint oppslag i Firda om tilflytting denne veka.
- Snart på plass taxi-sjåfør.
- Applaus til frivilligheita - m.a. Øen grendalag som hadde ein heil dag med bulyst, der Solund var på besøk og medlemmer frå plan og samfunn også var med.
- Budsjettprosessen.
- Kompetanse, kompetanseplan/utviklingsplan - vi har laga ein plan for heile kommunen, må reviderast årleg i forkant av budsjettarbeidet. Vi ligg lågt på Kommunebarometeret, ein del av forklaring på dårleg rangering skuldast at ein ikkje får uttelling/får minuspoeng på ein del punkt der data er skjerna, dette vil ramme t.d. alle småkommunar. Utvikling handlar om omstilling/endra praksis, og dette må arbeidast med framover.
- Tilbakemelding knytt til opningstida for legevaktsatelitten - i kva grad har den vore open? Orientering v/konstituert kommunalsjef helse og omsorg Linda Dalsøren Meier (sjå vedlegg). Det vart og drøfting kring økonomi og bemanning.

Morten Askvik ba om å få vurdert om han er ugild knytt til punktet om evaluering av skuleturen, og gjekk frå under handsaminga. Askvik vart funnen gild i saka.

KOMM- 25/047 VEDTAK:

Referat- og orienteringssakene vert tekne til vitande.

25/048: Spørjetimen

Kommunestyret 11.09.2025

Handsaming:

KOMM- 25/048 VEDTAK:

Ingen spørsmål til møtet.

25/049: Fritak frå politiske verv - Christian Hatlem Skår

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Christian Hatlem Skår får fritak frå sine politiske verv i Hyllestad kommune frå vedtaksdato og ut valbolken, slik:

- Fritak som medlem i formannskapet
- Fritak som varaordfører
- Fritak som medlem i valstyret (personidentisk med formannskapet)
- Fritak som medlem i partsutvalet
- Fritak som medlem i Alden hamneområde

Skår vil frå 12.09.2025 framleis vere medlem i kommunestyret.

Nytt formannskapsmedlem vert Hildur Akse, Ann Sissel Austgulen 1. vara og Thea Pedersen Johannessen 2. vara.

Nytt medlem i partsutvalet vert

Nytt medlem i Alden hamneområde vert

Varaordfører er vara for ordfører i ulike selskap/organisasjonar, jf. saksutgreiinga.
Ny varaordfører vil overta denne funksjonen.

Kommunestyret 11.09.2025**Handsaming:**

Christian Hatlem Skår ba om å få vurdert om han er ugild. Han gjekk frå under handsaming av spørsmålet, og vart funnen ugild i sjølv spørsmålet om fritak.

Det vart røysta over punktet om fritak, og Skår fekk innvilga fritak, samrøystes.

AP v/Jan Arvid Støyva gjorde framlegg om Hildur Akse som nytt formannskapsmedlem og nytt medlem i Partsutvalet. Som vara for Aksei partsutvalet vart Thea Pedersen Johannessen foreslått. Som nytt medlem i Alden hamneområde vart foreslått Arne Dale.

Dei foreslåtte framlegga vart samrøystes vedteke.

KOMM- 25/049 VEDTAK:

Christian Hatlem Skår får fritak frå sine politiske verv i Hyllestad kommune frå vedtaksdato og ut valbolken, slik:

- Fritak som medlem i formannskapet
- Fritak som varaordfører
- Fritak som medlem i valstyret (personidentisk med formannskapet)
- Fritak som medlem i partsutvalet
- Fritak som medlem i Alden hamneområde

Skår vil frå 12.09.2025 framleis vere medlem i kommunestyret.

Nytt formannskapsmedlem vert Hildur Akse, Ann Sissel Austgulen 1. vara og Thea Pedersen Johannessen 2. vara.

Nytt medlem i partsutvalet vert Hildur Akse, ny vara vert Thea Pedersen Johannessen.

Nytt medlem i Alden hamneområde vert Arne Dale

Varaordfører er vara for ordfører i ulike selskap/organisasjonar, jf. saksutgreiinga.
Ny varaordfører vil overta denne funksjonen.

25/050: Val av ny varaordfører

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

.....vert vald som ny varaordfører frå vedtaksdato og ut valbolken.

Kommunestyret 11.09.2025

Handsaming:

AP v/Jan Arvid Støyva sette fram framlegg om Anne Merete Takle som ny varaordfører.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KOMM- 25/050 VEDTAK:

Anne Merete Takle vert vald som ny varaordfører frå vedtaksdato og ut valbolken.

25/051: Vurdering av habilitet i samband med arealplanarbeidet og spørsmål knytt til bergverksindustri

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre vurderer kommunedirektøren og kommunalsjefen for Samfunnsutvikling og tekniske tenester sin habilitet i samsvar med forvaltningslova § 6 og kommunelova § 7-4, og fattar følgjande vedtak:

- Kommunedirektøren er inhabil i saksbehandlinga av spørsmål som direkte eller indirekte gjeld Veidekke Industrier sin søknad om reguleringsendring og andre spørsmål knytt til bergverksindustri i samband med arealplanarbeidet.
- Kommunedirektøren er ikkje inhabil i saksbehandlinga av andre delar av arealplanen, føresett at desse kan handterast uavhengig av spørsmål knytt til bergverksindustri.
- Kommunalsjefen for Samfunnsutvikling og tekniske tenester er inhabil i saksbehandlinga av spørsmål som direkte eller indirekte gjeld Veidekke Industrier sin søknad om reguleringsendring og andre spørsmål knytt til bergverksindustri, på grunn av bustaden nær pukkverket og tidlegare engasjement mot utviding.
- Kommunestyret ber administrasjonen om å organisere saksbehandlinga av spørsmål knytt til bergverksindustri ved å engasjere ein ekstern konsulent eller gjennom interkommunalt samarbeid, for å sikre upartisk og lovleg saksbehandling.
- Arealplanarbeidet blir tilført 200 000 kr. finansiert over disposisjonsfondet.

Formannskapet 03.07.2025

Handsaming:

FORM- 25/057 VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre vurderer kommunedirektøren og kommunalsjefen for Samfunnsutvikling og tekniske tenester sin habilitet i samsvar med forvaltningslova § 6 og kommunelova § 7-4, og fattar følgjande vedtak:

- Kommunedirektøren er inhabil i saksbehandlinga av spørsmål som direkte eller indirekte gjeld Veidekke Industrier sin søknad om reguleringsendring og andre spørsmål knytt til bergverksindustri i samband med arealplanarbeidet.
- Kommunedirektøren er ikkje inhabil i saksbehandlinga av andre delar av arealplanen, føresett at desse kan handterast uavhengig av spørsmål knytt til bergverksindustri.
- Kommunalsjefen for Samfunnsutvikling og tekniske tenester er inhabil i saksbehandlinga av spørsmål som direkte eller indirekte gjeld Veidekke Industrier sin søknad om reguleringsendring og andre spørsmål knytt til bergverksindustri, på grunn av bustaden nær pukkverket og tidlegare engasjement mot utviding.
- Kommunestyret ber administrasjonen om å organisere saksbehandlinga av spørsmål knytt til bergverksindustri ved å engasjere ein ekstern konsulent eller gjennom interkommunalt samarbeid, for å sikre upartisk og lovleg saksbehandling.
- Arealplanarbeidet blir tilført 200 000 kr. finansiert over disposisjonsfondet.
-

Kommunestyret 11.09.2025

Handsaming:

Det vart røysta over framlegg til vedtak, som vart samrøystes vedteke.

KOMM- 25/051 VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre vurderer kommunedirektøren og kommunalsjefen for Samfunnsutvikling og tekniske tenester sin habilitet i samsvar med forvaltningslova § 6 og kommunelova § 7-4, og fattar følgjande vedtak:

- Kommunedirektøren er inhabil i saksbehandlinga av spørsmål som direkte eller indirekte gjeld Veidekke Industrier sin søknad om reguleringsendring og andre spørsmål knytt til bergverksindustri i samband med arealplanarbeidet.
- Kommunedirektøren er ikkje inhabil i saksbehandlinga av andre delar av arealplanen, føresett at desse kan handterast uavhengig av spørsmål knytt til bergverksindustri.
- Kommunalsjefen for Samfunnsutvikling og tekniske tenester er inhabil i saksbehandlinga av spørsmål som direkte eller indirekte gjeld Veidekke Industrier sin søknad om reguleringsendring og andre spørsmål knytt til bergverksindustri, på grunn av bustaden nær pukkverket og tidlegare engasjement mot utviding.
- Kommunestyret ber administrasjonen om å organisere saksbehandlinga av spørsmål knytt til bergverksindustri ved å engasjere ein ekstern konsulent eller gjennom interkommunalt samarbeid, for å sikre upartisk og lovleg saksbehandling.
- Arealplanarbeidet blir tilført 200 000 kr. finansiert over disposisjonsfondet.

25/052: Organisasjons- og leiarutvikling omsorg

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre gjer vedtak om å løyve 300 000 kr. til å gjennomføre eit organisasjons- og leiarutviklingsprogram i omsorg i 2025/2026.

Programmet skal utformast slik at det utløyser OU- midlar.

Løyvinga vert finansiert over disposisjonsfondet.

Formannskapet 03.07.2025

Handsaming:

Samrøystes

FORM- 25/059 VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre gjer vedtak om å løyve 300 000 kr. til å gjennomføre eit organisasjons- og leiarutviklingsprogram i omsorg i 2025/2026.

Programmet skal utformast slik at det utløyser OU- midlar.

Løyvinga vert finansiert over disposisjonsfondet.

Kommunestyret 11.09.2025

Handsaming:

Det vart røysta over framlegg til vedtak, som vart samrøystes vedteke.

KOMM- 25/052 VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre gjer vedtak om å løyve 300 000 kr. til å gjennomføre eit organisasjons- og leiarutviklingsprogram i omsorg i 2025/2026.

Programmet skal utformast slik at det utløyser OU- midlar.

Løyvinga vert finansiert over disposisjonsfondet.

25/053: Revisjon av delegasjonsreglementet

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre vedtek framlegg til revidert delegasjonsreglement og gjer det gjeldande frå vedtaksdato 11.09.2025

Formannskapet 26.08.2025

Handsaming:

AP v/Christian Hatlem Skår gjorde framlegg om orientering frå administrasjon til politisk nivå plikt til orientering dersom det kan risikerast å kunne oppstå eventuelle rettssaker.

Det vart røysta over framlegg til vedtak, som vart samrøystes tilrådd og framlegget frå Skår vert å sjå på til kommunestyremøtet.

FORM- 25/065 VEDTAK:

Hyllestad formannskap tilrår at kommunestyret vedtek framlegg til revidert delegasjonsreglement og gjer det gjeldande frå vedtaksdato 11.09.2025.

Plan og samfunn 02.09.2025

Handsaming:

Punkt om at naturforvaltning må med i delegasjonen til PLSA.

Plan og Samfunn tek saka til orientering.

Samrøystes

PLSA- 25/055 VEDTAK:

Punkt om at naturforvaltning må med i delegasjonen til PLSA.

Plan og Samfunn tek saka til orientering.

Kommunestyret 11.09.2025

Handsaming:

Tilleggsframlegg knytt til delegasjon plan og samfunn: "Plan og Samfunn skal legge fram saker av prinsipiell eller vesentleg karakter for kommunestyret, som større reguleringsplanar, områdeplanar, store omdisponeringar av landbruksareal, større næringsinvesteringar eller saker med vesentleg påverknad på miljø, infrastruktur eller innbygarane".

Det vart røysta over formannskapet si tilråding og tilleggsframlegg knytt til plan og samfunn, som vart samrøystes vedteke.

KOMM- 25/053 VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre vedtek framlegg til revidert delegasjonsreglement og gjer det gjeldande frå vedtaksdato 11.09.2025, med følgjande tillegg:

Delegasjon til plan og samfunn: "Plan og Samfunn skal legge fram saker av prinsipiell eller vesentleg karakter for kommunestyret, som større reguleringsplanar, områdeplanar, store omdisponeringar av landbruksareal, større næringsinvesteringar eller saker med vesentleg påverknad på miljø, infrastruktur eller innbygarane".

Pkt. 3.1 "Kommunedirektøren pliktar å orientere formannskapet dersom det kan risikerast å kunne oppstå eventuelle rettssaker."

25/054: Budsjettkontroll 2. kvartal 2025

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre godkjenner 2. kvartalsrapport, og vedtek følgjande budsjettløyvingar:

1. Budsjettramma til ansvar 360 barnevern vert auka med 2 000 000 kr. og finansiert over disposisjonsfondet.
2. Investeringsramma til prosjekta med oppgradering bibliotek og kontor 2. etasje, blir auka med 1 700 000 kr. og finansiert med ekstra låneopptak. Samla ramme til desse prosjekta blir dermed 4,7 millionar eks. mva.

Formannskapet 26.08.2025

Handsaming:

Det vart røysta over framlegg til vedtak, som vart samrøystes vedteke.

FORM- 25/067 VEDTAK:

Hyllestad formannskap tilrår kommunestyret godkjenner 2. kvartalsrapport, og vedtek følgjande budsjettløyvingar:

1. Budsjettramma til ansvar 360 barnevern vert auka med 2 000 000 kr. og finansiert over disposisjonsfondet.
2. Investeringsramma til prosjekta med oppgradering bibliotek og kontor 2. etasje, blir auka med 1 700 000 kr. og finansiert med ekstra låneopptak. Samla ramme til desse prosjekta blir dermed 4,7 millionar eks. mva.

Kommunestyret 11.09.2025

Handsaming:

Det vart røysta over framlegg til tilråding, som vart samrøystes vedteke.

KOMM- 25/054 VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre godkjenner 2. kvartalsrapport, og vedtek følgjande budsjettløyvingar:

1. Budsjettramma til ansvar 360 barnevern vert auka med 2 000 000 kr. og finansiert over disposisjonsfondet.
2. Investeringsramma til prosjekta med oppgradering bibliotek og kontor 2. etasje, blir auka med 1 700 000 kr. og finansiert med ekstra låneopptak. Samla ramme til desse prosjekta blir dermed 4,7 millionar eks. mva.

25/055: Ekstra busetting av flyktningar i 2025

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre vedtek å imøtekomme ein ekstra ukrainsk familie på fem vaksne personar i hausten 2025.

Formannskapet 26.08.2025

Handsaming:

Det vart røysta over framlegg til vedtak, som vart samrøystes tilrådd.

FORM- 25/066 VEDTAK:

Hyllestad formannskap tilrår at kommunestyret vedtek å imøtekomme ein ekstra ukrainsk familie på fem vaksne personar i hausten 2025.

Kommunestyret 11.09.2025

Handsaming:

Det vart røysta over framlegg til vedtak, som vart samrøystes vedteke.

KOMM- 25/055 VEDTAK:

Hyllestad kommunestyre vedtak å imøtekomme ein ekstra ukrainsk familie på fem vaksne personar i hausten 2025.